



Storhaughytta er overteke av grunneigarane og skal utvidast og restaurerast. (Foto: Endre Neset)

Hytta på Storhaug, som grunneigarane har overteke, skal opprustast og påbyggjast i sommar. Hyttestyret ved Svein Ottar Rørheim har difor fått løyve av kommunen til motorferdsle i utmark for transport av byggjemateriale og utstyr til hytta.

Løyvet gjeld for inntil 10 turar frå no og til 10. september – men med melding for to ekstraturar etter denne dato. Det skal då gjevast melding to dagar før transporten skjer. Transporten opp til hytta skal skje med traktor langs skogsveg med tilhengjar og vidare i veglaust terreng utan tilhengjar fram til hytta.

Hovedjobben vil bli gjort denne sommaren, med eventuelt behov for noko resttransport og arbeid etter jaktstarten 10. september.

For å sikra kontroll med intensjonane i motorferdsellova er løyveperioden avgrensa til det nevnte tidsrommet. Dersom det skulle vera mindre behov for supplerande transport seinare fram til nyttår, kan dette meldast inn for maksimalt to turar. Det vil seia at det meste av material- og utstyrsbehovet må fyllast ved hovedtransportane fram til 10. september, skriv saksbehandlar Arne Gjellan i kommunen.

Av Ola Matti Mathisen